



REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE TORSDAG 06.05.21 KL.18.00 - 20.00

Tilstade:

Hanne (FAU), Anders Bøe (FAU), Leif Harboe (FAU), Einar Erga (Barn&Unge), Ingeborg (Elevrepr.), Mille (Elevrepr.), Hanna (Elevrepr), Anne-Gunn O Slethei (Ped.tilsett), Margareth S Roba (ped.tilsett), Mette E Brunnes (andre tilsette) og Sylvia Gjersdal (rektor)

Stad: Digitalt møte, teams.

SAKER

Sak 14/20-21 **Godkjenning av referatet frå 03.02.21**

Til info: oppsett møte i april vart utsett til 06.05.21
Godkjent utan merknad.

Sak 15/20-21 **Saman om eit trygt og godt nærmiljø/ Partnerskap mot mobbing**

Informasjon om Gledingsarbeidet og frå komiteèn Saman om eit trygt og godt nærmiljø.
Informasjon om arbeidet i komiteen og planlagt krinsmøte.
Drøfting kring arbeidet vidare.

Sak 16/20-21 **Utleige 21/22**

Leietakarar i år er bedt om å søke om å leie for neste år. Det er gratis for barn og ungdom i Klepp.

Skulen arbeider med å lage rutiner for utleige (mot betaling) av aula og kantine. Dette er ikkje på plass ennå. Personar, lag og foreningar som ikkje høyrer til i krinsen får ikkje leie før vi har prisar og rutinar på plass. Saka må og handsamas i Driftsstyret.

Forslag til innstilling:

Alle som har søkt får låne skulen. Dersom det ikkje er tid/kapasitet blir barn og unge i krinsen prioritert.

Personar, lag og foreningar som ikkje høyrer til i krinsen får ikkje leie før vi har rutinar og prisar på plass, saka kjem opp i Driftsstyret først.

Innstillinga vart vedteken.

Sak 17/20-21 **Informasjonssaker Utbyggjing**



Rektor orienterte om status. Reknar med å overta bygget i mai måned, ev starten av juni. 7.trinn si avslutning 21.juni blir i aula. Uteområdet vil snart bli overteke og opna.

Økonomi

Kort orientering om økonomi. Vi har eit meirforbruk på 1,3%. Dette skyldast i hovudsak auka lønsutgifter i samband med omfattande elevbehov. Noko refusjon frå IMDI (flyktingemidler) er venta inn. SFO har meirforbruk på grunn av mindre inntekter (foreldrebetaling), der vil det og koma inn refusjonar. Målet er å vere i balanse ved årsskifte.

Smittevern – koronasituasjon.

Kort info om situasjonen vårsemesteret.

Skuleruta 21/22 - Sidan det ikkje er ønske om nokon endringar frå kommunal skulerute og felles skulerute Jærskulen treng ikkje skuleruta handsamas i Driftstyret.

Alle informasjonssaker vart tekne til orientering.

Sak 18/20-21 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet

Elevråd: Trass i vanskeleg år har elevrådet vore aktive. Arbeidet med Gleding- og Stopp Mobbing-plakatane er ferdig. Det var stor entusiasme kring konkurransen. Driftsstyret fekk sjå vinnarplakatane. Desse er hengt opp rundt omkring på skulen. Alle dei andre plakatane er utstilt i "vaktmeistergangen".

Planlegg overrasking til alle elevane før sommaren.

FAU: Har kjøpt inn uteleiker til alle trinna(etter ønskeliste frå elevane). Reflekskonkurransen er avslutta og premiar utbetalt. FAU og rektor samarbeider om utdeling av diplom.

Skulen/SFO: Informerte om sommarskuletilbodet som er gratis for alle mellom 4.trinn og 10.trinn. Viser elles til infosaker i sak 17-20/21

Hovudutval Barn&Unge:

Dysleksivennleg skule-sak har vore oppe i hovudutvalet. Kort drøfting i Driftsstyret kring denne saka. Einar Erga tek med seg våre tankar vidare.

Tilstandsrapport frå barnevernet.

SFO – skal ut på høyring. Kvalitet og prisar.

Kjøkkenhage på kvar skule? Info om saka. Forslag er å heller lage samarbeidsavtalar med lokale bønder og gartneri.

Ettergiving av meirforbruk Kleppe skule 2020: Hovudutvalet var positive til dette.

Klepp kommune, 08.06.21

Sylvia Gjersdal
Rektor